

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Høyland

Emne: Brynet

Bygdelag: Bråstein Krins

Oppskr. av: Lars R. Bråstein

Gard: Bråstein

(adresse): Bråstein Sandnes

G.nr. 32 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynet Kvasstein

So langt attende som nokon veit om her i Høyland har ein brukt kvasstein til å kvedja jå, sigd og knivar. Kvassteinen var av naturstein, 25 - 30 cm. lang ca. 3 cm. tjukk og 4 - 5 cm. breid.

Vi veit ikkje om nokon kvasteinbrud i Høyland.

Ein kjøpte kvassteinane i Stavanger og i seinare tid på Sandnes. Folk bruka berre langorv. Når ein kvedja jåen heldt ein orvet på venstre sida. Venstre handa over jåen. Og so fører ein jåen attover etter kvart som ein kvedjer. Tomen letter ein fyrst opp fører so kvassteinen på jåen inn mot handa og attende. Kvassteinen filer ein also mot jåen fram og attende. Neste takt heldt ein tomen inn til jåen og letter opp fingrane på undersida av jåen so fører ein kvassteinen inn til jåen på same måte, fram og attende. Det heldt ein fram med til ein er komen til spissen av jåen. So tek ein til på nyo og gjer det same ein gong til. På den måten kvedja far min Reier L. Bråstein fødd i Høyland 1856. Det var og dei som kvedja på ein noko annan måte. I staden for å dra kvassteinen berre fram og attende, kvedja dei med dobbel takt på kvar sida. Det var nok den måten som var mest nytta.

Dei gamle rekna det for ein stor kunst å kunna kvedja godt, få godt bed i jåen. Ein 4 til 6 gonger i timen pla ein kvedja i slåtten. Dersom ein steinhøgg må ein sjølvsgd kvedja på ny. Det hadde og mykje å segja korleis jåen var laga. I Gjesdal var der mange jå smeder kringom i bygda. Og some av dei hadde ord på seg for å laga både sterke og jåa med godt bed.

Koppen som kvassteinen vart båret i heitte skålp og var laga av tre. Han vart hengd på bak i reim eller festa til selen. Selarne var som reima om livet laga av ler. Orva var som jåane laga av folk på einskilde gardar som var serle gode til det. Dei var helst laga av ospø og der måtte vera eit godt lag på dei.

Jåen vart festa til orvet med ein jernholk og spilte fast med ein trekjile av eiketree. Einskilde bruka reim til å festa jåen med. Kvar jå vart vanlegvis bruka ei økt ca. tri timar millom kvar gong han vart slipt. Slipesteinar hadde ein på kvar gard. Dei var runde og for det meste dregne med hand. Der det var bekker eller elv(Å) ved garden, laga dei ofte til vasskadla som drog slipesteinane. Slipesteinen vart sett so lågt at den tok ned i vatnet og soleis heldt seg våt under slipinga. Orvet tok ein alltid av jåen under slipinga. Mange hadde 20 til 30 jåa på ein gard. Dei vart då oppslipte før ein tok til med slåtten. Seinare vart jødne slipte på slipesteinar som ein hadde med seg ut på slåtteteigen når ein var ute på slått heile dagen. Spursmåla frå nr. 14 til og med 20 er ukjende for meg. Om eg seinare andre stader i bygda skulde koma over noko, skal eg senda ny melding om det.

Bråstein gardane var frå eldre tid kjent for svært turre og kleine gardar. So seint som i 1880 var det uråd å få slå seg ein sekk med høy, som ein skulde ha med seg til hesten, når ein reiste på Jonsokmarknaden. Folk frå andre bygder Gjesdal og Bjerkreim som ferdast på vegen framom Bråstein garden. Dei hadde eit ordtak.

„Når det grønka på reinane på Bråstei var det eit teikn på eit godt år. Om garden hadde klein jord heima, so hadde dei rike utslåttor serleg Flassamyro. Utslåttorne strekte seg frå utmarkene millom gardane Tjessheim og Håland i Høyland til Flassavatnet som grensa med Gjesdal. Dei 5 gardsbruka på Bråstein hadde kvar sin tek (teg) på Flassamyro som var 50 til 70 dekar slåttemark.

Gardane Bråstein, Håland og Tjessheim hadde høylødor på Flassamyro. Dei var ca. 4-5m. i grunnflata $2\frac{1}{2}$ m. til opso(Der taket tek til). Frå eldre tid var løone tekte med torv. Ei av løone var torvtekt til 1914.

Flassamyrslåtten var den første ein tok til med i fyrstninga av juli. Det var ikkje berre jåane som då skulde slipast, og etterpå vart sveipt godt inn i sekje og lagde saman med orvo på kjerra. Slipesteinen skulde og med. Han hadde fast plass millom hjula. Matskrinet måtte med. Far hadde eit raumalt med kraftige hengsle. Det var 80 cm. langt 35 cm. breidt 40cm. høgt. Der hadde ein oppi knivar, talerkner, smør, kaffi, syrekakaog potet kaka. Surmjølk hadde ein i eit spann og sammalt byggmjøl i ein sekk. Middag vart det heller lite av. Ein hadde med seg noko salt sauekjøt og noko ferdiglaga komla, ellers gjekk det med graut, some gonger både til middag og til kvelds. Altid til kvelds var det graut. av sammalt bygg og vatn. Ein låg i høyløda om nettene, so ein måtte ta med seg teppeog ellers grov ein seg i høyet. Der låg alltid att noko fjorgamalt høy.

Det tok to til tri timar å køyra frå Bråstein til Flassamyro. Der gjekk to skrangleveggar ein om Sauahei og Blegafjell. Den andre låg om Håland og Blegje. Ingen veg nådde heilt fram, tei til fira hundrad meter måtte ein køyra på vidle utmarka. Det gjekk berre med tom kjerra. Ein laut ha kjerra meg seg for å konna kjøra høyet til løa frå slåttetegen.

Om morgonen stod ein opp kl. 5 $\frac{1}{2}$ og fekk seg fyrst mat. Surmelk, syrekaka, eplekaka med salta smør og fatost på. Ein stod då på slåttetegen so lenge dogga vara til omlag kl. ni. ~~kl. ni.~~ Til vanleg var det to karar som slo med langorv og ei gjenta raka (Breidde).

Mor mi breidde ein somar hjå Tor Edland 1899. Ho breidde då etter fem slåttekarar. Men ho hadde etter den tid stor løn kr. 8. pr. veka. Frå kl. 9. til 11. snudde ein det høyet som skulde høyast. Kl. elleve var det middag. Etter middag tok dei seg alltid ein middagslur. Den kunde vara minst i to timar. Kl. $\frac{1}{2}$ 3. nons den same mat som om morgonen. Men frå hundradårs- - skifte tok kaffien til å koma i bruk til morgon og nons. Etter nons var det høying og drog ikkje høyinga forlenge ut , tok seg gjerne eit par timar på slåtteteigen Flassamyrteigen var hjå alle delt i to teiger. Ein slo ein teg annankvart år. Det kalla ein fjoroll, fjoroll. Når rakstegjenta breidde høyet saman. Det kalla ein kvirvla. På Bekkene Flassamyro var der so store kvirvla at ein fekk some gonger fle somarlass med høy i ein kvirvel, då kalla ein der var sibreitla.

20 til 24 enkel lass, somarlass, kørde ein inn i kvar løda på Flassamyro. Det var ikkje berre på Flassamyro ein slo markhøy. I Blegabakken hadde dei og kvar sine slåtteteiger. Dei var mindre der og løda var der heller ikkje.

Det var aldri slik stas med Blegaslåtten. Ute måtte ein sitja å få seg mat i både vondt og godt vær. Heim laut ein kjøra kvar kveld. Det tok lang tid, ein tok jamt med seg høyllass om kvelden. Børa sette ein opp om ein venta regn. Fira fenje i kvar bør og 6 - 7 børar i kvart lass.

Hestane var med både dei ein bruka og unghestane. Og då der ikkje var gjørt millom slåtteteigane samlast hestane frå mange gardar. Det kunde vera oppi tjuge i talet. Dette var uvant frå gardane heima. Og likeeins liggja i løa og høyra måkane synja på Flassamyholmen. Var det då godver og høyet kom inn etter kvart følttest Flassamyrturane som ferie.

Flassamyro var sermerkt for gardane Bråstein, Håland og Tjessheim. Ellers i Høyland var det ikkje vanlegt at ein hadde løda til å ha markhøy i på slåtteteigen. Dei hadde vanlegt sine slåtteteigar i nærleiken av den dørka mark kjelvene. og husene. Høyet vart då kjørt direkte heim til gards.

Markhøy slåtten tok på dei fleste gardar slutt etter fyrste verdskrig. Einskilde heldt fram til i trettiåra. Frå den tid auka kulturbeita svært mykje og folkehjelpe minka på gardane. Større auking vart det òg i kjøp av gjødning og dermed større avlinger. Markhøyet var eit heller næringsfatig høy. Markhøyet vart i eldre tid helst brukt til sauene og då dei fekk lite og ikkje kraftfor, var dei oftex magre om våren.